

Oslo, juni 1993

R E F E R A T

Møte i gjetarhundnemnda i forbindelse med dommarkurset på Sem mandag 21. juni kl 08.00. Møtet vart halde på Norges landbrukshøgskule avdeling Sem i Asker.

Desse var med på møtet: Jon Sand
Liv Oddny H. Hindenes
Jon H. Sæther
Kristian K. Kleppe
Arne Flatebø (sekretær)

Kjell Kristoffersen hadde meldt forfall.

Saksliste:

- 10/93 Innkalling og sakliste.
- 11/93 Referatsaker.
 - a. Referat frå fellesmøte mellom gjetarhundnemndene i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark.
- 12/93 Dommarinstruksen

SAK 11/93 REFERATSAKER

- a. Referat frå fellesmøte mellom gjetarhundnemndene i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark

Det blei vidare referert brev frå NKK datert 14. juli 93. I brevet fastslår NKK at det er kome negativt svar frå den australske kennelklubben om å registrere working kelpie som eigen rase.

Vedtak:

Fylkeslaga bør stå ansvarleg for oppfølging av eigne instruktørar. Nsg (landsnemnda) skal bidra der det er ønskjeleg.

Det skal sendast brev til fylkesnemndene der det vert skissert eit opplegg for oppfølging av instruktørane. Kursa bør leggjast opp slik at dei kan bli godkjent og få tilskot frå BSF.

Kristian K. Kleppe får i oppdrag å samanstille diverse materiale som kan brukast på dei nemnde oppfølgingskursa.

SAK 12/93 DOMMARINSTRUKSEN

Nemnda diskuterte endringar i dommarinstruksen etter at styret hadde godkjent kryssdriving i NM som ei prøveordning. Det var også kome brev frå Rogaland Gjetarhundlag der visse sider med kommandobruk under inndriving var teke opp. Også dette brevet saman med andre signal nemnda hadde fått, vart lagt til grunn for dei endringane nemnda gjorde i instruksen.

Vedtak:

Sjå vedlagde revidert instruks datert 21. juni 1993. (Alle endringar er understreka. 5. og 6. avsnitt under "Hente sau - inndriving" utgår).